

B-1

Hjertås 12.07.16

Til Meland Kommune

Side 1 av 2

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Postboks 79

5906 Frekhaug

**Søknad om dispensasjon vedkommande Gnr. 22 Bnr. 253**

Me har valt å søkje om dispensasjon frå reguleringsplanen for Mjåtveitmarka når det gjeld utnytingsgrad av tiltaket ift vegetasjonsskjermen på eigedomen.

Då reguleringsplanen for Mjåtveitmarka vart laga, var ikkje nødvendige grenser påviste før formåla var fastlagde i plankartet. Karta undervegs i planprossesen viste at vegetasjonsskjermen skulle følgje grensa til 22/42,98(i dag 253) og det er dette som vart godkjent av kommunestyret. Etter at kartforretninga vart gjennomført viste det seg at eigendomsgrensene ikkje samsvarte med plankartet. I dag er rutinane endra ved at grenser blir påviste før planarbeidet starter. Eigar av overnemde eigedomar var nesten 90 år og hadde ikkje muligheit til å fylgja med i planarbeidet, slik at han kunne klaga undervegs i prosessen. Dette førte til at delar av overnemte eigedom i dag ligg med formål vegetasjonsskjerm. Eigedomen kan ikkje nyttast fullt ut til bustad slik intensjonen i utgangspunktet var. Vegetasjonsskjermen på Gnr. 22/253 utgjer 194,4 m<sup>2</sup>.

Dette fører til store ulemper for eigedomen når det gjeld grad av utnytting (%-BRA). Me ønskjer å få arealet som utgjer vegetasjonsskjerm med i berekningsgrunnlaget når det gjeld utnytingsgrad av eigedomen. Vegetasjonsskjermen på eigedomen vil ikkje bli bebygd, men opparbeida som eit grøntareal mot industriområdet. Me meiner at dispensasjonen er tilstrekkeleg nabovarsla gjennom tidlegare søknad(SAK 16/1043), der det ikkje kom nokon nabomerknader. Det er heller ikkje kome nokon klager på søknad om tiltak til oppføring av bustad og garasje. Me har brukt heile arealet på eigedomen(946m<sup>2</sup>) vedr. Utrekning av %-BRA i søknaden om tiltak til oppføring av bustad og garasje.

Ut frå grunngjevinga i søknad om dispensasjon meiner me at fordelane ved ein dispensasjon etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene.


Vedlegg :

Sit. kart vegetasjonsskjerm



Ansvarleg søkjar

B-2



	22/253 parkbelte
	Areal = 194,4 m <sup>2</sup>
	14.12.2015
	Målestokk 1:500
Meland kommune	